



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
07.09.2016  
Dykkar dato  
31.05.2016

Vår referanse  
2015/15740 421.0  
Dykkar referanse  
15/7064

Hordaland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

### Forslag til regional planstrategi for Hordaland 2016 - 2020

Me viser til oversending frå Hordaland fylkeskommune med frist til 15.09.2016 for å koma med uttale.

Som langsiktig mål er det sett at Hordaland skal vera berekraftig, attraktivt og nyskapande.

Planen har fire hovudmål for perioden:

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlandsregion

Slik Fylkesmannen ser det, har det vore ein god prosess i forkant av det offentlege ettersynet, der både kommunar og m.a. Fylkesmannen i Hordaland har vore involvert. I tillegg er det utarbeidd grundig og omfattande grunnlagsmaterieell for utarbeiding av strategien. Dette arbeidet har gitt eit godt grunnlag for å ta stilling til ønskt utviklingsretning for Hordaland, og kva planoppgåver ein skal prioritera i planperioden.

I brev av 03.09.2015 til fylkeskommunen har Fylkesmannen gjort greie for dei nasjonale forventningane til fylkeskommunal planlegging, samt at ein har trekt fram område som Fylkesmannen oppfattar som viktige å få vurdert i ein regional plansamheng. Det gjeld m.a. behovet for heilskapleg kystzoneplanlegging for akvakultur, regional areal- og transportplan, planlegging for fjellområda og behov for å vurdert utfordringar knytt til deponering av over-skotsmassar frå samferdsletiltak.

Fylkesmannen er godt nøgd med korleis innspela våre er tatt med som grunnlag for forslaget til den regionale planstrategien. Me ser fram til ein revisjon av regional transportplan og av klima- og energiplanen med tanke på dei store utfordringane Hordaland har som følgje av store klimagassutslepp og klimaendringar.

Ein ny plan for areal, natur- og kulturminneressursar kan bli eit godt verktøy for den kommunale arealplanlegginga. Det bør gjerne vurderast om det er tenleg med oppdeling av ein slik plan for å sikra at alle tema vert godt behandla og at planlegginga ikkje dreg ut i langdrag. Fylkesmannen ser på same måte som fylkeskommunen det som viktig at ein slik plan tar tak i regionale og nasjonale verdiar, og at ein gir føresetnader for omsyna som tas innfor plan-

området. Fylkesmannen vil særleg understreka behovet for å få sett større sjøområde i samanheng for å leggja til rette for akvakultur, fiske og friluftsliv på ein måte som handterer miljøutfordringane og arealbrukskonfliktane i sjøområda. Desse utfordringane kan ikkje handterast av kvar enkelt kommune åleine. Det same gjeld i stor grad for fjellområda som ofte har både sterke friluftslivs- og verneinteresser og eit sterkt utbyggingspress.

Me ønskjer lukke til med det vidare arbeidet.

Med helsing

Rune Fjeld  
assisterande fylkesmann

Arve Meidell  
seksjonsleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*